

Stengde barnehagar og skular. Me må setje vår lit til at den gode «nabokjerringa» kjenner si besøkstid



STENGINAR: – Barnehagar og skular har pr. no ikkje den aktive rolla som førebyggings- og omsorgsarena, meiner Merete Nornes-Nymark. Foto: Ingebjørg Vikesland (HVL)

Av Merete Nornes-Nymark, Høgskulelektor pedagogikk barnehagelærerutdanninga, HVL Campus Sogndal

Publisert: 08. april 2020, kl. 10:42 Sist oppdatert: 08. april 2020, kl. 12:01

DEL

-
-
-
-

LESARBREV

Me kan lesa, både, lokalt, regionalt og nasjonalt om bekymringar og debattar i høve stengde skular og barnehagar. Borna som til vanleg har deler av sin kvardag i barnehage og skule, mange også nokre timar hjå vener, på fotballbana, i klatreveggen, på skitur, sykkeltur med ein ven, rusletur med ein ven, leik på leikeplassen i nabolaget og kanskje ein liten tur på butikken. Alt dette, og mykje meir, er sokalla friplassar for barn, som bur og veks opp i heimar der terskelen er låg for utøving av vald, seksuelle overgrep og rusmiddelbruk. I desse tider, og på ubestemt tid, er alle desse friplassane sett ut av drift. Mykje av trygge rammer forsvann over natta, og varar ved.

Me veit at mange born, både nasjonalt, regionalt men også lokalt lever i omsorgssituasjonar der foreldre/føresette gir god nok omsorg og held valdsutøvinga nede, ved at borna har store deler av kvardagen sin i barnehage eller på skulen. Borna har gjerne ekstra lange dagar, då dette gagnar både foreldre/foresatte og borna, ikkje minst. For desse borna er lange dagar i barnehage eller på SFO og skule ikkje noko straff, men ein fristad, di lengre di betre. Og mange foreldre/føresette prisar seg lukkelege for tilbodet, då dette, og ofte andre støttetiltak, er det som skal til for at dei framleis kan vere ein familie og yte god nok omsorg, i ein tidsavgrensa periode. Ikkje noko er betre enn at barna kan vekse opp med sine foreldre/føresette, som dei er så ubetinga glad i.

Endringa som skjedde over natta, der alle desse fristadane og støttfunksjonane forsvann, i tillegg til at mange foreldre/føresette vart permitterte, strukturen på kvardagen forsvann. Barnehagebarn skulle varetakast i eigen heim, heile døgnet, innanfor husets fire vegger. Skulebarn har heimeskule der foreldre/føresette er «hjelpelæraren», og mange foreldre/føresette kjenner seg makteslause og utilstrekkelege berre på dette området. Det er ikkje vanskeleg å sjå føre seg at frustrasjonen stig omkring i alle heimar. Usikkerheit og frustrasjon, følelse av utilstrekkelegheit og bekymringar som veks, og terskelen for at vald og rusmiddelbruk aukar, er ikkje vanskeleg å tenkje seg.

Det er slik stoda er no, stor fare for at borna som tidlegare var utsette for å bli utøvd vald mot, vitne til at mor/far vert utsett for vald eller utsette for seksuelle overgrep, vert utsette for meir vald enn til vanleg. Det er også stor fare for at fleire familiar i denne tida opplever vald, der foreldre/føresette vert valdsutøvarar for første gong.

Helseføretaka varslar at etter nedstenging av skular og barnehagar, har bekymringsmeldingar og antall born som kjem til undersøking etter å ha vore utsette for alvorlege valdshendingar, har ein sterk nedgang. Og dette er ingen lette, men ei bekymring. For ein veit at dei som lever i heimar med vald, reduserer valdsaktiviteten når «andre» kan oppdage valden, og varsle systemet. Det at barn går i barnehage og på skule eller deltek på andre fritidsarenaer er førebyggjande og utset vald.

Barnehagetilsette og skuletilsette er dei som i størst grad varslar om vald og overgrep. No er desse varslarane sett ut av spel, og sansynlegheita for at tryggleiken og sikkerheita til mange barn no er i fare, er ikkje vanskeleg å sjå føre seg. Ifølgje FN barnekonvensjon skal barn oppleve å vekse opp i trygge heimar og sikkerheit og helse skal varetakast. Dette står no i

fare, som eine konsekvensen av vårt nasjonale forskingsprosjekt for å overvinne Korona – pandemien.

Barns tryggleik, helse, både fysisk og psykisk på både kort og lang sikt må trekkjast inn i denne debatten i større grad. Barnehagar og skular har pr. no ikkje den aktive rolla som førebyggings- og omsorgsarena. Me kan ikkje late att auge og øyrer, eller byrje å tru på julenissen, me som er vaksne og ansvarlege, for alle barn. Overgrep skjer, oftare enn me trur, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Barna treng gode «nabokjerringar» meir enn nokon gong.

Er du nabo og vert uroleg for støy, skrik eller generelt kjenner ei uro for borna og omsorgssituasjonen i nabolaget ditt. Ta ansvar og kontakt barnevernet. Det er ingen fare å varsle ein gong for mykje enn ein gong for lite. Den eine og viktige telefonen frå deg, kan i nokre tilfelle få fatale følgjer for barnet som nettopp trengde at nokon tok ansvar.

Eg set mi lit til at den gode «nabokjerringa» kjenner si besøkstid, no når barnehagar og skular er stengde.

Sogn Avis - Stengde barnehagar og skular. Me må setje vår lit til at den gode «nabokjerringa» kjenner si besøkstid

<https://www.sognavis.no/meiningar/stengde-barnehagar-og-skular-me-ma-setje-var-lit-til-at-den-gode-nabokjerringa-kjenner-si-besokstid/o/5-115-399519>